
Frå: Marianne Aadland Sandvik
Send: torsdag 23. mai 2019 21:47
Til: Eirik Bouwer Utne
Kopi: Hanne Marie Evensen
Emne: SV: VS: ELIAS HUSET

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Flagga

Hei Eirik

Det vart gitt løyve til riving i mars. Rivinga skulle skje i samråd med Meland mållag, som fekk frist til 25. mai om å lage ein plan for korleis tiltaket skulle fjernast og lagrast til det eventuelt vert søkt om løyve til oppføring ein anna stad.

Det er sjølvsagt beklageleg at mållaget ikkje fekk kopi av vedtaket. Du kan orientere dei om at vi kan gje utsatt frist på grunn av dette, men at dei må snart ha ein plan klar. Viser i den samanheng til at samarbeidet med mållaget er betinga av tiltakshavar si velvilje i denne saka. Hadde han klaga på vilkåret om at fjerning skulle gjennomførast i samråd med mållaget, trur eg ikkje vedtaket ville stått seg ved handsaming hos Fylkesmannen. Dei ville nok gitt løyve til riving utan vilkår.

Vedtaket ligg på sak 18/2283.

Marianne

Fra: Eirik Bouwer Utne
Sendt: torsdag 23. mai 2019 16:10
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Fwd: VS: ELIAS HUSET

Hei!

Kjenner du til staa her?

Mvh
Eirik

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Dato: 23. mai 2019 kl. 15:49:35 CEST
Til: 'Eirik Bouwer Utne' <Eirik.Utne@meland.kommune.no>
Kopi: 'Arnt Brakstad' <arnt.brakstad@gmail.com>, Bjørnar Norvald Langeland <bnlangel@online.no>, Eli Hillsersøy <e-knhi@online.no>, Haakon Aase <haa-aase@online.no>, Helene Olli Sollid <post@gripengard.no>, Kjersti Langenes Bøen <Kjersti.langenes.boen@meland.kommune.no>, Marie Morken <marie.morken@ub.uib.no>, Åse Grønsnes <aase.groensnes@gmail.com>, Åsmund Aase Fluge <asmflu@gmail.com>
Emne: VS: ELIAS HUSET

Hei!

Eg viser til melding frå Arne Mjåtveit som du kan lesa under. Reknar med at det er rett som han seier, at det er gjort eit vedtak om rivingsløyve. Er det i så fall eit politisk eller eit administrativt vedtak? Eg må seia at det overraskar meg stort at vi i Meland Mållag ikkje har blitt informert i det heile om eit slikt vedtak, særleg med tanke på det skal vera sett ein frist som skal gjelda oss!

Vi har jo søkt Meland kommune om økonomisk hjelp til å få gjennomført ein grundig dokumentasjon av huset, og du opplyste meg at den søknaden skulle behandlast i slutten av mai d.å. Der er vi ikkje heilt enno, etter mi tidsrekning. Det undrar meg også noko at dei som har behandla søknaden om riving, ikkje har teke omsyn til at det frå Sogelaget og Mållaget er meldt inn sterke samfunnsinteresser i saka.

Viss det no blir lagt opp til ei framdrift i rivings-saka som gjer det vanskeleg eller uråd for oss å førebu vårt prosjekt om å ta vare på Elias Mjåtveit-huset, finn vi det sterkt kritikkverdige.

Dersom ikkje vi får tid og høve til i det minste å dokumentera huset grundig, slik vi har lagt opp til, reknar vi det som sjølv sagt at ei slik dokumentasjonsoppgåve blir lagt som eit vilkår eigar må oppfylle før riving vert gjennomført, slik som vanleg er når det er tale om riving av verneverdige bygg.

Frå ein kulturståstad er det å forvalta minnet om – og dei fysiske spora etter – dikteren, filosofen og musikaren Elias Mjåtveit, og andre som han, like viktig for kommunen vår og for regionen vår som å ta vare på diktarheimar av nasjonalt kaliber som t.d. Aulestad. Ein skulle tru at ikkje minst Alver kommune vil ha eit sterkt behov for å markera ein kulturell profil ved inngangen til si tid.

Eg bed elles om å få eit møte med deg på måndag den 27.05.19.

Med venleg helsing
Haakon Aase
Leiar i Meland Mållag

Fra: Bjørnar Langeland <bnlangel@online.no>

Sendt: torsdag 23. mai 2019 13.44

Til: Haakon Aase <haa-aase@online.no>

Emne: Fwd: ELIAS HUSET

Hei Haakon!
Svarar du på dette?
Bjørnar

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: Arne Mjåtveit <arnemjaa@gmail.com>

Dato: 23. mai 2019 kl. 11.18.51 CEST

Til: bnlangel@online.no

Emne: ELIAS HUSET

Hei igjen !

Nå lurte vi på hvor langt Sogelaget/Målaget har komnt med planer, ikke planer ang.

Elias Huset.

Har 3 Hus Bevaring vert og tatt ny vurdering på huset ?

Er det noe å ta vare på ? Og ikke minst vist det er det , har Sogelaget/Målaget planer og mannskap til å plukke det ned.

Som dere sikkert er kjent med så har Meland Kommune gitt løyve å rive det og gitt dere frist til å komme med en gjennomføringsplan innen 25/5 -19

Imøteser svar fra Dere snarest !

Mvh for Marion Mjåtveit.

Arne Mjåtveit

Sendt fra min iPad